

Landbruks -og matdepartementet

Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Høringsuttale - ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel m.v.

Vi viser til Landbruks- og matdepartementet sitt brev datert 17.10.2014 om høring av ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. med høringsfrist 01.12.2014.

Oppdal kommune synest det er positivt at forskrift blir samanfallande med reglar i andre regelverk så som folketrygdlov og arbeidsmiljølov.

Vi er svært opptatt av at vi skal ha ei kvalitativ god velferdsordning for bøndene framover og gjennom dette sikre ein bærekraftig økt norsk matproduksjon i mange år framover. Ei god velferdsordning er også viktig for å sikre rekrutteringa til landbruket. Det er stor avgang spesielt blant mjølkeprodusenter i Oppdal, til tross for at dette er ein kommune med store beiteressursar.

Vi er bekymra for at fleire av endringane som er foreslått i høyringa vil føre til ei kvalitativ dårlegare velferdsordning for bøndene. I tillegg vil enkelte endringar medføre ei meir krevjande forvaltning av ordninga.

Før regelendringar skjer bør det sjåast på konsekvensar.

Under følgjer Oppdal kommune sine viktigaste synspunkt:

- lønnsutgifter til egen tilsett avløyasjar, utgifter til landbruksvikar eller til avløyasjar tilsett i avløyasjarlag eller –ring bør fortsatt danne grunnlag for tilskot utan ytterlegare utviding ved at slike tenester kan kjøpast frå andre føretak. Ei utviding av ordninga vil medføre meirarbeid i forhold til kontroll for forvaltninga. Ein går også vekk frå prinsippet om at ordninga skal organiserast som eit arbeidsgjevar-/arbeidstakarforhold ved ei slik ordning, noko som kan medføre ei utvatning av avløyasjarlaget og ei nedbryting av ordninga. Da det er mykje utanlandsk arbeidskraft i landbruket, kan dette også medføre at landbruket kan bli ein arena for sosial dumping noko som ikkje er ønskeleg.
- Det er svært uheldig at ikkje søkar ved ei sjølvvalt avkryssing kan overføre refusjonen direkte til avløyasjarlag/-ring. Dette er ei refusjonsordning og ikkje ei tilskottsordning. Ved ei endring her til ei refusjonsordning kan det juridisk forsvarast at utbetalinga går direkte til avløyasjarlaget. Det er svært mange avløyasjarlag som forskutterer den sjukmeldte gardbrukaren sine utgifter til avløyasjar, laget er sikra at pengane kjem attende. Dette kan dei ikkje gjere lenger om pengane ikkje går

direkte til avløyserlaget. Det vil da være mange som rett og slett ikkje har likviditet til å forskuttere avløyser, spesielt ved langtidssjukmelding. Kva da med dyrevelferden og gardbrukaren si helse? Slik dette er foreslått vil det gje eit stort tilbakesteg for bondens ve og vel. Det må også påregnes langt fleire søknader, da bonden ofte ikkje har likviditet til å ha større beløp uteståande. Det har vist seg mange gonger at sjukdom og likviditetsproblemer ofte heng saman, dette gjer at det vil bli ekstra uheldig at avløyserlag ikkje lenger kan forskuttere avløyserutgiftene.

- Ferie og fritid og sykdom burde fortsatt vore i samme forskrift for å sikre at det ikkje kan gjerast påleggstrekk/bidragstrekk og liknande frå desse midlane. Begge deler er ein refusjon av kostnader som gardbrukaren allerede har hatt, og ikkje ei tilskuddsordning i vanleg forstand.
- Det er viktig at det er lege som gjer alle vurderingar om helse og at det ikkje blir tillagt sakshandsamar i kommunen å vurdere konsekvensar av sjukdom mv.
- Når det gjeld kravet til næringsinntekt på minimum $\frac{1}{2}$ G er det viktig at dette blir henta frå dei to siste godkjente likningsår. Det vil da regulere seg sjølv kva for to år som skal leggest til grunn. Det står ikkje at det kan gjevast dispensasjon frå kravet til $\frac{1}{2}$ G, dette må inn og er viktig i tilfeller der det er større investeringar og nye brukarar.
- Det er positivt med ei utviding i § 6 ved sjukdom hos barn. Ein aukar grensa frå 16 til 18 år ved kronisk sjukdom, langvarig sjukdom eller nedsett funksjonsevne.

Med hilsen

Gro Aalbu
fagansvarlig landbruk

Ragnhild Eklid
saksbehandler landbruk